

Drammen 03.04.2022

Innspel til ny Norgesmodell

Fair Play Bygg Norge viser til at regjeringa ber om innspel til ny Norgesmodell. Vi takkar for at regjeringa inviterer til dette og kjem her med våre råd om ny Norgesmodell.

Fair Play Bygg Norge (FPBN) er eit samarbeid om å bekjempe akrim i bygg- og elektrobransjane. Det er regionale organisasjonar som er samla under paraplyen FPBN. Medlemmar i FPBN er: Byggebransjens Uropatrusle i Trøndelag, Fair Play Bygg Oslo og omegn, Fair Play Bygg Rogaland, Fair Play Agder og Fair Play Bygg Østfold. I dei lokale organisasjonane samarbeider arbeidstakar- og arbeidsgivarsida om en seriøs næring gjennom effektive tiltak mot akrim.

Hovudmålet til organisasjonen er å skaffe informasjon om kriminalitet frå kjelder som arbeidstakrar, byggherrar og bedrifter. Samtidig skal vi samarbeide med aktørar for å løyse utfordringar i ei tidleg fase og vera rådgivarar for aktørar i næringa.

Vi anbefaler at ein i arbeidet med ny Norgesmodell vurderer desse tiltaka:

- 1. Informasjonsdeling mellom offentlege byggherrar og offentlege kontrolltatarar.** Når ein offentleg byggherre avdekker avvik frå kontraktskrav eller avviser ein leverandør, bør informasjon om dette sendast til offentlege kontrolltatarar. Der det er mogleg, bør også informasjon om avviste aktørar delast med andre offentlege byggherrar. Dette kan ivaretakast av eit nasjonalt register.
- 2. Prisjustering av kontraktar.** FPBN er bekymra for at stor prisauke varer, energi og transport kan få utslag i auka risiko for akrim. Vi anbefaler difor at det i avtaler inngått av det offentlege, anten rammeavtaler eller oppdrag som ikkje ferdigstilles innan kort tid, ikkje avtales unntak frå regler om indeksregulering nedfelt i NS kontraktane. Når offentlege byggherrar inngår kontraktar som låser kontraktssummen, dvs. leverandøren ikkje får indeksregulert varer og tenester, fører det til at entreprenøren ikkje kan drive kostnadsdekkande, i alle fall når kontrakten varer over lengre tid. Dette kan føre til press på løns- og arbeidsvilkår nedover i kontraktskjeda.
- 3. Avvisingsgrunnlag på bakgrunn av manglande seriøsitet.** Ein bør vurdere om gjentatte stans på grunn av overhengande fare, alvorlege avvik frå AML eller andre lover for arbeidslivet som dannar grunnlag pålegg eller gebyr frå Arbeidstilsynet eller andre kontrolltatarar, skal gi byggherre rett til å avvise ein aktør/leverandør frå anbodskonkurransar. Slik avvisingsgrunn må i så fall regulerast i FOA. I tillegg bør offentlege oppdragsgivar i større grad nytte allereie gjeldande regelverk om avvisinga av leverandørar. Dette kan koplast mot registeret nemnt over.

- 4. Kontroll og oppfølging av kontraktsvilkår.** Kommunale og andre offentlege byggherrar må etablere betre kontroll, revisjon og oppfølging av kontraktsvilkåra. Kontroll-personale må ha tilstrekkeleg kompetanse, samtidig som kontroll og oppfølging av kontraktsvilkår blir godt forankra på leiarnivå.
- 5. Lærlingar og fagopplæring.** Vi føreslår at det som hovudregel skal vera lærlingar eller fagopplæring i alle fag på ein leveranse.
- 6. Solidaransvar for løn ut over 3 månader.** Ein bør vurdere om ein kan innføre utvida solidaransvar for løn utover tre månader¹ i kontraktskjeda. Dette kan gjerast ved at oppdragsgjevar tar på seg solidaransvar, eller ved at solidaransvaret for allmenngjort løn for hovudentreprenør/verksemd som leiger inn arbeidskraft utvidast i tid til 6 månader (eller lengre), eller ein kombinasjon av desse.

På vegner av Fair Play Bygg Norge

Lars Mamen

¹ Solidaransvar for løn og feriepengar gjeld i kontraktskjeda opp til hovudentreprenør etter Allmengjøringsloven § 13. Solidaransvar gjeld også i følgje AML §14.12 c for verksemd som leiger inn arbeidstakrar, her heftar innleigar for løn, feriepengar og anna godtgjersle etter likelønsprinsippet. I begge desse lovene må solidaransvarskravet fremjast innan 3 månader etter at løna skulle vore betalt.